

## HØYRINGSFRÅSEGN TIL NY FORTUN TRANSFORMATORSTASJON SAKSNUMMER 202116028

Som leigetakar av dyrkaarealet på bruk 8/3 sender eg inn høyringsfråsegn om denne saken. Eg meiner hovudsakleg at ein bør kunne holde seg utanfor dyrka jord. Men er dette den einaste moglege plassen å sette opp trafo innan rimelighetens grenser må de sjå på korleis den kan plasserast for å få minst mogleg jordtap. Etter mi meining kan heile den heimlege delen av trafotomten vridast ned mot elva for å vri den meir ut av det dyrka arealet på 8/3. Vert den og i tillegg flytta nokon få meter nedover mot elva kan me ha felles vegtrasè opp mot trafostasjonen og vegen innover mot Kveinhagen kan då fylgja gjeringen til trafostasjonen og fortsetja innover nokonlunde som før. I dette tilfelle sparar ein mykje dyrka jord, det blir mindre vegtrasèar som både er stygge og arealkrevjande ,men tomten blir kanskje litt dyrare å laga til. Å spare så mykje dyrkajord no i den tida det er veldig fokus på det grønne skiftet er veldig viktig. Eg er heilt sikker på at det vert mykje lettare å få gjennom plasseringen om de gjer denne endringa. (Reknar med at de utgreier dette alternativet).



Når det gjeld veg.

Omsøkte alternativ 1 ser me på som veldig dårleg. Vegen vert bratt, skjemmaende og øydelegge resten av dyrkaarealet i område. Vert eit areal for lite vert det uøkonomisk å drifta.

Alternativ 2 er eit betre alternativ men vegen må ikkje bli brattare enn den er i dag.

Alternativ 3 er å ha vegen der den er i dag ,ved å vri trafostasjonen ned på areal 8/1.

Massedeponi D2

Eg ser at dette er ein enkel plass å bruka til massedeponi, men ser fleire betenkeligheter og utfordringar med dette. Arealet er i dag oppgitt som dyrka, men vert brukt som eit godt beite .Du kan ikkje kompensere dyrkajord ein plass med å fylla ned dyrkajord ein anna plass og kalla dette erstatning. Ein annan utfordring er at dette er framkanten av ein dal som går vidare bakover. Vatnet

må koma seg ut av dalen. Ein utfylling her vil føre til at eit areal som har vore bratt i ein retning før, no blir bratt både i bakkant ned til gjerdingen og i framkant ned til gjerdingen. Kor stort kan det flatarae partiet i midten bli? Det som kan vera positivt om dalen blir utfylt er at me kan få eit samanhengande areal med det som vert att på Jamnane. Det er lettare å drifta eit større areal enn to små.

#### Jordvern

I samband med at det her er ynskje om å bygge ned mykje dyrkajord må det setjast som krav at det vert netto null tap av dyrkajord. Her må me bønder og grunneigarar elles i Fortun hjelpa til med areal som kan oppgraderast til dyrkajord dersom det ikkje er mogleg å kompensera hjå grunneigarane som blir berørt. ( Me har areal som me kan omklassifisera dersom me får eit topplag med jord).

#### Tilgjengelighet til arealet i Kveinhagen

Me er avhengige av å ha tilgang til dette arealt i alle onner og til å få fôret ut. Men for vår del kan det stengjast av i periodar, men då må dette avtalast på førehand.

Med helsing Thomas Urnes, leigetakar gnr 8/3